



Månadsbrev april 2020

Det har skjedd mykje sidan sist, så difor eit lite månadsbrev rett før påske. Det har blitt lite samlingar og møte på grunn skulestenging og fare for koronasmitte, bortsett frå på skjerm. Om ikkje lærarar og elevar var flinke før, så har dei verkeleg blitt det nå! Her dempar me lyden og let ein og ein snakka, og elevane synest det er kjekt å sjå kvarandre på skjermen når dei ikkje kan møtast kvar dag. Lærarane har gjennomført elevsamtalar og foreldrekonferansar på skjerm, og det går greitt, sjølv om det er uvant og greiare å verkeleg møtast.

For å nå alle samstundes, vert felles **informasjon** sendt via **Visma flyt skule**, og har du lagt til appen på telefonen, får du melding om aktivitet. Elles får du det som vanleg skjermbrev. Det er viktig at alle får same informasjonen, og difor bed me om at alle i alle fall har lagt inn e-postadressa si.

Den **lokale trivselsundersøkinga** forsvann nok litt i all koronainformasjon, så den utsette me fristen på, og til nå har me 42 svar. Tusen takk! Elevane trivst, og det er ikkje mobbing på Sinnes skule, men resultatata kjem me attende til når me kan ha SMU-møte att.

Litt blir utsett i påvente av nye avgjerder, m.a. **kartleggingsprøvar** i 1.-2. klasse i lesing og i rekning for 2. klasse, og **årsprøvene** for 10. klasse blir nok utsette, sidan det ikkje blir korkje skriftleg eller munnleg eksamen på dei.

Nyt påsken der de er! Det blir i alle fall "den stille veka", og så får de beskjed etter kvart om det blir heimeskule vidare eller om skulen opnar att. Her er det skikkeleg godt vaska, så alt er reint og smittefritt når elevar og lærarar kjem attende.



God påskeferie!

Sinnes 03.04.20, *Åse-Berit* (rektor)